

Referat frå årsmøte i Røysaleite grendalag 2019

Til stade: Ruthild Dale, Elisabeth Sveen Eikenes (gjest), Hilde Katrine Engeli, Yaser Alammur, Mohammad Almansour, Frøydis W. Yri, Sindre B. Ramung, Mari Aune.

Onsdag 27. februar kl 20 i Henjahaugane barnehage.

Leiar Mari ønska velkommen og opna møtet.

Elisabeth Sveen Eikenes frå Leikanger kommune orienterte om utbygginga i Henjadalen. Årsmøtet ønskjer vidare kontakt med kommunen og Sognekraft om utbygging.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista blei godkjent utan merknadar.

2. Val av ordstyrar og referent

Mari blei vald som ordstyrar og Sindre som referent.

3. Årsmelding

Årsmeldinga blei godkjent utan merknadar.

4. Rekneskap

Rekneskapen er godkjent av revisor. Årsmøte godkjente rekneskapen utan merknadar.

5. Kontingent

Det blei vedteke at kontingentsatsen for 2019 blir kr 200.

6. Val

Årsmøtet valde Rune Røysum som rekneskapsfører for perioden 2019-20.

Årsmøtet valde Sindre B. Ramung som styremedlem for perioden 2019-20.

7. Tiltaksplan

Årsmøtet ønskjer prioritering av følgjande tiltak i 2019:

- Rydde fotballbane i Nilstreet og fikse dekket

- Kjøpe dukkestove til Dalhjellevegen
- Hjelpe grunneigarar til å vedlikehalde utgare tilgrensa byggefelt (krev at grunneigarane tek initiativet og betalar for gjerdet).
- Felle grantrær i krysset under Elihaug (gitt løyve frå naboar).
- Rydde leikeplass på Stytti og skifte ut husker dersom behov

Tiltaka vil bli gjennomført med atterhald om dugnadsinnsats og budsjettdekning.

Og følgjande vedlikehaldstiltak:

- Impregnering av lavvo
- Beising av leikeapparat
- Ny sand til sandkassene

I tillegg vil årsmøtet at styret tek initiativ til ein internasjonal fest i Nilstræet. Kan vere i samband med dugnad eller Jonsok-feiring.

8.Ymse

Ingen ymsesaker.

Årsmøtet avslutta kl 22. Referat godkjent av dei frammøtte.